



NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 06.06.2025

Sak 41/25 Økonomirapportering for Miljøløftet pr. 1.tertial 2025

Bakgrunn

Denne saka gir ei oversikt over årsprognose for alle prosjekt med aktivitet i inneverande år i Miljøløftet. Prosjekta er vedtatt av styringsgruppa til Miljøløftet gjennom årleg rullering av handlingsprogrammet. Det er år 2025 i handlingsprogram 2025-2028 som er utgangspunkt for rapporten, men nokre prosjekt kan også tilhøyra tidlegare handlingsprogram. Rapporten er sortert etter dei ulike finansieringskjeldene i Miljøløftet.

Økonomirapporteringa pr. 1. tertial byggjer på rapporter levert av partane som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis har vore målretta mot Miljøløftet, men at dei er del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane og legg til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet får nødvendig oversikt og dermed har grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter. Saka byggjer med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21. Det er forventa at styringsgruppa tar stilling til identifiserte avvik, veger måloppnåing og økonomi opp mot kvarandre, og fattar vedtak ved behov.

Oppbygging av økonomirapporten for 1.tertial

Rapporten (denne saka) er strukturert slikt:

- Viktige moment
- Overordna prognose pr. 1. tertial 2025 for byvekstavtalen
- Post 30 Programområdemidlar
 - o Post 30 på riksveg
 - o Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg
- Post 66 Tilskot til byvekstavtalar
 - o Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk
 - o Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk
 - o Betre kollektivtilbod
 - o Belønningsmidlar til kommunane
- Fylkeskommunalt bidrag
- Bypakke Bergen

Viktige moment

- Prognosen for byvekstavtalen viser eit venta mindreforbruk på til saman 216 mill. i 2025. Det største mindreforbruket er på post 30 (riksveg og fylkes- og kommunalveg), og er på til saman 98 mill. Av desse skuldast 40 mill. varige innsparingar frå tidlegare år på ferdige prosjekt. På post 66 (belønningsmidlar og regjeringas bompengeforlik) er det også venta eit stort mindreforbruk, totalt 93 mill. Partane understrekar at prognosane for fleire av prosjekta er prega av usikkerheit.

Her er ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- **Det er forseinkingar og varig innsparing på riksveg:** Vedrørande post 30 riksveg er det meldt om forseinkingar på eitt prosjekt som bidreg til eit venta mindreforbruk på 43 mill. i 2025, samt ei varig innsparing på om lag 39 mill. på eit ferdig prosjekt frå tidlegare. Denne innsparinga kan omdisponerast andre prosjekt, men dette må vurderast på nasjonalt nivå.
- **Det er lågare mindreforbruk på fylkes- og kommunal veg enn tidlegare:** Årsprognosen for post 30 til 66 (fylkes- og kommunalveg) viser eit mindreforbruk på 16 mill., som er vesentleg lågare enn tidlegare år. Av desse er 1,3 mill. varige innsparingar som kan omdisponerast andre prosjekt.

- **Det er eit mindreforbruk knytt til årsprognosen for post 66 (belønningsmidlar og regjeringas bompengeforlik):** Årsprognosen for post 66 viser eit mindreforbruk på om lag 17 mill. i kommunane, 26 mill. hos Skyss og 50 mill. på Tilskot til betre kollektivtilbod. For Skyss sin del er årsprognosen i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar (jf. Sak 50/24 i styringsgruppa).
- **Det er eit mindreforbruk på det fylkeskommunale bidraget:** Vestland fylkeskommune har rapportert om eit venta mindreforbruk på om lag 25 mill. i år på det fylkeskommunale bidraget.
- **Årsprognosen for netto bompengeinntekter er 850 mill. før rekvirering:** Det er forventa at det vil bli rekvirert 92 mill. av desse inntektene til prosjekt som skal bli finansiert av bompengar i 2025. Dette inneber at det er ein saldo på om lag 758 mill.

Overordna prognose pr. 1. tertial 2025 for byvekstavtalen

Tabell 1 viser at prosjekta i byvekstavtalen har ein samla løyving på 1,2 mrd. i 2025, med ein årsprognose på 1,3 mrd. ved 1. tertial. Mindreforbruket på 216 mill. er hovudsakleg eit resultat av forseinkingar frå tidlegare år. Til samanlikning var mindreforbruket i 2024 på 272 mill. Årsprognosen for både post 30 riksveg og post 30 til 66 fylkes- og kommunalveg er høgare enn årets løyving, som tilseier at noko av etterslepet frå tidlegare er planlagt å bli teke igjen i år.

Økonomirapportering per 1. tertial 2025 (Tal i 1000-kr)							
Finansieringskjelde	HP25-28 år 2025	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon 2025	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar
Post 30: Programområdemidlar riksveg	183 817	184 000	107 320	291 320	209 128	82 192	Venta mindreforbruk på 82 mill. Av desse skuldast 43 mill. forseinkingar på sykkelstamveg-prosjekt med løyving i år. Det er i tillegg 38 mill. i varig innsparing som heng att frå 2024.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	180 448	162 200	107 056	269 256	253 282	15 974	Venta mindreforbruk på 16 mill. er vesentleg lågare enn førre år. Av desse skuldast 1,3 mill. ein varig innsparing som heng att frå ferdige prosjekt frå tidlegare år.
Post 66: Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområder:							
Kommunane	49 300	47 826	51 929	99 755	82 928	16 827	Venta fondsbeholdning ved slutten av året er om lag 17 mill.
Drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	396 000	393 974	19 637	413 611	387 000	26 611	Årsprognosen er i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar, jf. sak 50/24 i styringsgruppa.
Post 66: Betre kollektivtilbod	132 000	131 200	49 309	180 509	130 509	50 000	Bruken av midlar vil vere i tråd med tidlegare vedtak i styringsgruppa, men grunna lang leveringstid på naudsynt utstyr vert midlane løyvd til <i>Vedlikehald av investeringskarakter på Bybanen</i> først nytta i 2026.
Post 66: Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk	60 000	60 400	0	60 400	60 400	0	Midlane blir brukt til reduksjon av pris på periodebillett.
Fylkeskommunalt bidrag	303 591	267 550	0	267 550	242 878	24 672	Endra framdrift på fleire tiltak, samt manglande statleg løyving, gjer at det er venta eit mindreforbruk. Prognosen er noko usikker.
Sum byvekstavtalen	1 305 156	1 247 150	335 251	1 582 401	1 366 125	216 276	

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i heile 1000-kr.)

Post 30 Programområdemidler

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30-midler på riksveg i 2025. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar. Det er fire prosjekt som har løyving over årets statsbudsjettet, og eitt ferdig prosjekt med varig innsparing som kan omdisponerast andre prosjekt. Ei slik omdisponering må vurderast på nasjonalt nivå og følgjast opp i eiga sak.

Total- og årsprognose

Det er ikkje meldt om endringar i prognose for totalkostnadar sidan førre rapportering i denne finansieringskjelda.

Årsprognosen for post 30 riksveg viser eit venta mindreforbruk på 43 mill. på prosjektet *E39 Osbanen, Nesttun-Skjold*. Mindreforbruket kjem av forskyvingar i utlysinga grunna reguleringsendringar. Ferdigstillingsfristen i kontrakten er september 2026, men det er usikkert om den eine delstrekninga blir ferdig til då. Byggherre har rapportert om at det kan bli fleire forseinkingar i 2025.

Det er i tillegg rapportert om ei varig innsparing på prosjektet *E39 Sykkeltamveg, Kristianborg – Bergen sentrum* på om lag 39 mill. Prosjektet er ferdig og midlane kan omdisponerast andre post 30-prosjekt. Ei slik omdisponering må vurderast på nasjonalt nivå og følgast opp i eiga sak. Det er ikkje venta avvik på dei resterande prosjekta i denne finansieringskjelda i 2025. Sjå kommentarar i tabell 2 for meir detaljar.

Prosjekt	PROGNOSE TOTALKOSTNAD				PROGNOSE ÅRSREKNESKAP							
	Totalkostnad HP25-28	Prognose totalkostnad	Avvik	Kommentar totalkostnad frå byggherre	HP25-28 År 2025	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon 2025	Rekneskap pr. 30.04.25	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar årsprognose frå byggherre
E39 Osbanen, Nesttun - Skjold	412 940	399 000	13 940	Prosjektet har ein godkjend prognose for sluttkostnad på 399 mill. 2025-kr. Opphavleg styringsramme var på 274 mill. 2025-kr. Dette er ei auke på 125 mill. kr i forhold til styringsramma.	129 894	130 000	43 091	173 091	22 071	129 712	43 379	Noko forseinka oppstart, usikkert om ein rekk ferdigstillingsfristen i september 2026. Venta mindreforbruk på 43 mill. kjem av forskyvingar i utlysinga grunna reguleringsendringar. Kan bli fleire forseinkingar og lågare utbetalingar i 2025.
E39 Bradbenken - Sandvikstorget - Glassknag	249 447	220 000	29 447	Prosjekta E39 Bradbenken - Sandvikstorget og E39 Sandvikstorget – Glassknag blei slått saman ved overgangen til 2023 og fikk då ny sluttprognose på 220 mill. 2025-kr.	49 951	50 000	24 601	74 601	20 098	74 601		Prosjektet er noko forseinka grunna blant anna at delar av gang- og sykkeltraseen blir omprosjektert. Det er også utfordringar knytt til Bergen Vann. Venta ferdigstilling i august.
Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	12 958	13 000	-42	Prosjektet har ein venta prognose på 13 mill. 2025-kr. Prosjektering og utarbeidelse av byggjeplan vil starte opp i 2025 med venta byggjing i 2026.	1 986	2 000	0	2 000	0	2 000	0	
Sykkeltamveg del 3, Nesttun - Hop	21 005	21 005	0		1 986	2 000	815	2 815	1 532	2 815	0	
E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	1 272 000	1 466 000	-194 000		0	0	38 813	38 813		0	38 813	Mindreforbruk som heng att frå 2024. Prosjektet er ferdig og opna for trafikk i 2023. Innsparinga er varig og kan omdisponerast andre prosjekt.
Sum post 30 - midlar riksveg	696 350	653 005	43 345		183 817	184 000	107 320	291 320	43 701	209 128	82 192	

Tabell 2 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30-midler til riksveg (tal i heile tusen kr.)

Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg

Tabell 3 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg. Det er ni prosjekt som har tilgjengeleg tilskot over denne ordninga i 2025, anten det er ubrukte midlar frå 2024, nye midlar over statsbudsjett 2025 eller omdisponerte midlar frå ferdige prosjekt med mindreforbruk. I tillegg er det lagt inn ein samlepott som viser tilgjengelege midlar for omdisponering, *Mindreforbruk lokal veg*, som pt. er på 1,3 mill. Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt si prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet, som er grunnlaget for tabell 3.

Total- og årsprognose

Det er ikkje meldt om endringar i prognose for totalkostnadar sidan førre rapportering i denne finansieringskjelda.

Årsprognosen i tabell 3 viser eit venta mindreforbruk på 16 mill. over post 30 til 66, som er vesentleg lågare enn tidlegare år. Til samanlikning var mindreforbruket i 2024 nærare 110 mill. på denne finansieringskjelda. Prosjekta *Hatvikvegen* og *Grønamyrsvegen* er dei med størst venta mindreforbruk, på høvesvis 5,6 mill. og 7,4 mill. Førstnemnde har rapportert om periodeforskyving frå 2025 til 2026, mens sistnemnde har måtte utsetje opninga grunna utforutsett arbeid. Sjå kommentarar i tabell 3 for meir detaljar.

Byggherre/ kommune	Prosjekt	PROGNOSE TOTALKOSTNAD		PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2025							Kommentar årsprognose frå byggherre
		Totalkostnad HP (kun post 30)	Prognose totalkostnad (alle fin.kilder)	HP 2025-2028 (år 2025)	Løyving 2025	Overført frå tidl. år	Til disposisjon	Årsprognose v/T1	Prognose 2025 v/T2	Avvik	
Askøy	Kleppevegen ved Myrane	147 450	217 000	69 700	59 700	-	59 700	59 600		100	Av årets løyving er 10,1 mill. omdisponert andre prosjekt jf. sak 22/25 i styringsgruppa. Årets løyving er derfor redusert til 59,7 mill. Venta mindreforbruk på 0,1 mill. kan auke når sluttoppgjeret er ferdig i løpet av sommaren.
Bjørnafjorden	Hatvikvegen	174 055	173 249	9 900	9 900	43 250	53 150	47 500		5 650	Bygging pågår, forventet ferdigstillelse i september 2026. Mindreforbruk skuldast periodeforskyving frå 2025 til 2026.
Øygarden	Grønamyrsvegen	71 100	56 300	-	-	47 407	47 407	40 000		7 407	Annleggsarbeid pågår. Grunna utforutsett arbeid må opning utsetjast frå juli til sept/oktober 2025. Kommunen ønskjer at mindreforbruk blir overført til 2026 då det er nokre uavklarte område som gjer at det også vil komme kostnader i 2026. Totalprognose for prosjektet er uendra.
Alver	Sagstadvegen	44 099	51 289	3 100	3 100	11 300	14 400	14 400		0	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig 2025.
Askøy	Kvernhusdalen	25 600	20 300	-	4 000	5 099	1 099	200		899	Ferdig. Av overførte midlar frå 2024 er 4 mill. omdisponert til andre prosjekt jf. sak 22/25 i styringsgruppa, slik at disponibelt beløp er redusert til 1,1 mill. Sluttoppgjer venta å bli om lag 0,2 mill.
Bjørnafjorden	Åsen-Helleskaret	57 500	57 600	57 500	57 600		57 600	57 600		0	Bygging pågår, forventet ferdigstillelse i august 2025.
Alver	Knarvikplanen	31 014	29 400	31 000	19 400		19 400	19 122		278	Prosjektet starta opp i 2023, men fekk først tildeling frå staten i år. Prognose for påløpte kostnader frå 2023 og til og med 2025 er 19,1 mill. Prosjektet er venta ferdig i løpet av 2026. Prognose for total kostnadsramme er førebels uendra, men kommunen ventar noko innsparing og vil komme tilbake med ny prognose ved 2 tertial.
Alver	Manger kirke-Hesthaugen	1 724	3 864	1 724	2 000		2 000	1 660		340	Jf. sak 22/25 i styringsgruppa er det vedtatt å omdisponere 2 mill. av ledige midlar til prosjektet. Ventar på avklaring frå kommunen knytt til byggesak, mogleg utlysing juni 2025. Sluttoppgjer i 2026.
Bjørnafjorden	Trolldalen	8 564	13 200	7 524	13 200		13 200	13 200		0	Jf. sak 22/25 i styringsgruppa er det vedtatt å overføre 13,2 mill. av ledige midlar til prosjektet. Prosjektet er ferdig og midlane vil bli rekvirert i år.
Bergensområdet	Mindreforbruk lokal veg				1 300		1 300	-		1 300	Det er oppretta ein eigen post for oppsamling av mindreforbruk på lokalveg-prosjekt. Beløpet kan omdisponerast andre prosjekter etter vedtak i styringsgruppa.
	Sum post 30 til 66	561 106	622 202	180 448	162 200	107 056	269 256	253 282	-	15 974	

Tabell 3 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30 til 66-midlar til fylkes- og kommunalveg (tal i heile 1000-kr.)

I det samla mindreforbruket inngår ei varig innsparing på 1,3 mill. som kan omdisponerast andre post 30-prosjekt. Tabell 4 viser ei oversikt over ferdige prosjekt med innsparingar dei siste åra, samt prosjekt som har fått midlar tildelt frå desse. I sak 22/25 i styringsgruppa blei det vedtatt at prosjekta *Manger kirke-Hesthaugen* og *Trolldalen* skal få omdisponert til saman 15,2 mill. i år.

Prosjekt	Omdisponert
Kv1027 Fortau langs Gymnasvegen	-239 970
Kulvert og busstopp – Idrettsvegen	-2 172 149
Fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane	-10 100 000
Kv. 1158 Kvernhusdalen	-4 000 000
Fv565 Manger kirke-Hesthaugen, fortau	2 000 000
Fv5150 Trolldalen-Lepsøvegen	13 200 000
Disponibelt beløp	-1 312 119

Tabell 4 – Oversikt over tilgjengelege midlar for omdisponering

Post 66 Tilskot til byvekstavgifter

Tabell 5 gir ei oversikt over prognose for utbetaling av belønningsmidlar over post 66 Tilskot til byvekstavgifter i 2025. Tabellen er ein rapporteringsmal innført av Statens vegvesen. Fylket har levert rapport til Statens vegvesen, som har sendt prognosen vidare i si linje med kopi til sekretariatet. Sekretariatet har oppdatert tabellen i samsvar med det kommunane har rapportert til oss vedrørende bruk av belønningsmidlar i år. Tabell 5 samsvarar dermed ikkje med tilsvarende tabell sendt frå fylket til Statens vegvesen i forbindelse med tertialrapporteringa.

Årsprognosen for post 66-midlar tilseier at det vil stå 93 mill. på fond hos fylket ved utgangen av 2025. Av desse skuldast 43 mill. ei lågare årsprognose på utbetaling av belønningsmidlar til Skyss og tre av kommunane, og 50 mill. ei lågare årsprognose på posten Tilskot til betre kollektivtilbod. Avvika blir forklarte nærare i dei neste avsnitta.

Tilskot	VLFK Fond 31.12.2024	Løyving i 2025	Disponibelt i 2025	Prognose - utbetaling frå VLFK	Avvik disponibelt /prognose 2025
Belønningsmidlar	31 178	441 800	472 978	429 956	43 022
Skyss	19 637	393 974	413 611	387 000	26 611
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Bergen kommune	2 932	33 432	36 364	36 364	0
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Alver kommune	3 192	3 461	6 653	0	6 653
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Askøy kommune	3 867	3 475	7 342	2 676	4 666
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Bjørnafjorden kommune	1 550	2 927	4 477	3 500	977
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Øygarden kommune	0	4 531	4 531	416	4 115
Drift kollektiv			0		0
Øvrig drift			0		0
Investering kollektiv			0		0
Øvrige investeringar			0		0
Reduserte billettprisar kollektiv	0	60 400	60 400	60 400	0
Betre kollektivtilbod	49 309	131 200	180 509	130 509	50 000
Planarbeid knytt til KDP Vest	1 000		1 000	1 000	
Vedlikehald bybanevogner og infrastruktur	35 000		35 000	35 000	
Straksinnløyysing sykkelveg	6 409		6 409	6 409	
Arbeid med planlegge/gjennomføre innkjøp vognmateriell	4 000		4 000	4 000	
KDP Vest		12 000	12 000	12 000	0
Vedlikehald av investeringskarakter		50 000	50 000	0	50 000
Gangtilkomst til bybanehaldeplassar		11 100	11 100	11 100	0
Redusert uttak av bompengar	2 900	58 100	61 000	61 000	0

Tabell 5 – Prognose for prosjekt finansiert av post-66 midlar (tal i heile 1000-kr)

Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk (Skyss)

Årsprognosen er i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar, jf. sak 50/24 i styringsgruppa.

Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)

Midlane blir brukt til reduksjon av pris på periodebillett i 2025.

Betre kollektivtilbod

Årets løyving skal brukast i samsvar med tabell 5. Bruken av midlar vil vere i tråd med tidlegare vedtak i styringsgruppa, men grunna lang leveringstid på naudsynt utstyr vert midlane løyvd til Vedlikehald av investeringskarakter på Bybanen først nytta i 2026.

Belønningsmidlar til kommunane

Tabell 5 viser at det ved årsslutt 2024 stod att til saman 11,5 mill. i belønningsmidlar på fond hos fylket som var øyremerkte kommunane. Dette kjem i tillegg til årets løyving på 47,8 mill., og totalt er det 59,3 mill. i tilgjengelege midlar til kommunane. Prognose for utbetaling til kommunane er om lag 43 mill., og er basert på det kommunane har rapportert til sekretariatet ved 1. tertial. Tabell 6 viser detaljert rapportering på prosjektnivå, og gir også ei oversikt over belønningsmidlar på fond i kommunane. Meir detaljert fondsoversikt vises i tabell 7.

Årsprognosen for prosjekt finansiert av belønningsmidlar i kommunane er på om lag 83 mill. samla sett i år, som vist i tabell 6. Sett opp mot tilgjengelege midlar, både på eige fond og hos fylket, tilseier prognosen at kommunane vil ha nærare 17 mill. på fond ved årsslutt. Bergen kommune går mot eit meirforbruk på om lag 0,3 mill. som må dekkast med eigne midlar.

Prosjekt	Fond kommune pr. 31.12.24	Midlar tilgjengeleg VLFK	Til disposisjon 2025	Årsprognose v/T1	Avvik 2025 (fond)	Behov for utbetaling 2025 pr. T1
Belønningsmidlar Bergen	18 375	36 364	54 739	55 009	-270	36 364
Oppfølging av handlingsplan for sykkelbuss i Bergen kommune				33 256		
Bysykkelordningen i Bergen				5 200		
Tiltak i handlingsplan for gange				10 400		
Sykelbyavtale - Sykkelen Bergen				1 720		
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling				739		
Tiltak i handlingsplan for gange - bygging				2 794		
Tiltak i handlingsplan for gange - plan				900		
Belønningsmidlar Alver	6 986	6 653	13 639	6 300	7 339	-
Strategiplan				300		
Prosjektutgreiing				300		
Sykkelpakke				450		
Fysiske tiltak				1 600		
Samlepott belønningsmidlar Alver 2024				2 650		
Prosjektstiling og prosjektbistand i Alver				1 000		
Belønningsmidlar Askøy	2 068	7 342	9 410	4 744	4 666	2 676
Oppfølging av sykkelstrategi				550		
Planleggingsmidlar Askøy kommune				4 194		
Belønningsmidlar Bjørnafjorden	4 071	4 477	8 548	7 571	977	3 500
Berekraftig og attraktivt Osøyro				463		
Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard				1 005		
Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune				2 568		
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune				3 535		
Belønningsmidlar Øygarden	8 888	4 531	13 419	9 304	4 115	416
Fv Ågotnes Miljøgate				1 300		
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret				300		
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret				115		
Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen				4 253		
Kampanje haldningsskapande arbeid				10		
Trafikkanalyse for regionsenter Straume				340		
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune				740		
Trafikksikringsplan Øygarden				400		
Trygg sykkelparkering				18		
Arefjordsvegen				200		
Innfartsparkering Ågotnes				1 628		
SUM BELØNNINGSMIDLAR TIL KOMMUNANE	40 388	59 367	99 755	82 928	16 827	42 956

Tabell 6 – Prognose for prosjekt finansiering av belønningsmidlar i kommunane (tal i heile 1000-kr)

Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvalteren i Vestland

I sak 64/24 i styringsgruppa blei det vedtatt at «Kommunane må bruke midlar ståande på eige fond før nye belønningsmidlar vert utbetalt frå fylkeskommunen». Behov for utbetaling i 2025 vil derfor bli berekna ut i frå midlar ståande på fond hos den enkelte kommune, samt prognose for bruk av midlar i år. På denne måten vil alle kommunar byggja ned eige fond i 2025. Tabell 7 viser korleis fondsbeholdninga til kommunane er fordelt ved årsslutt, gitt rapporteringa i tabell 6.

Prognose fond 31.12.25	Bergen	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Øygarden	Sum
Kommune	- 270	686	-	-	-	416
VLFK	-	6 653	4 666	977	4 115	16 411
Sum	- 270	7 339	4 666	977	4 115	16 827

Tabell 7 – Prognose for belønningsmidlar på fond ved årsslutt (tal i heile 1000-kr)

At kommunane har midlar på fond er ikkje nødvendigvis einstydig med at det er mangel på behov for dei. Alver kommune har oppretta ei prosjektstilling og tilsett ein person som skal arbeide med å jobbe fram Miljøløftet-prosjekt i kommunen og gi bistand. Øygarden kommune har i første del av avtaleperioden hatt ein del forseinkingar i prosjekta sine, men har i år ei prognose som tilseier at det totale fondet deira blir redusert frå om lag 9 mill. til 4 mill. ved utgangen av 2025.

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 8 viser ei oversikt over årsprognosen for prosjekt finansiert av fylkeskommunale midlar. Nokre av prosjekta er også finansiert av statlege post 30-midlar. På desse prosjekta dekkjer fylket kostnader knytt til MVA, plan og prosjektering ettersom det statlege tilskotet ikkje dekkjer slike utgifter.

Prognosen for det fylkeskommunale bidraget er om lag 243 mill. i 2025, som tilseier eit mindreforbruk på rundt 25 mill. i forhold til årets løyving. Fylket rapporterer at nokre av tiltaka har endra framdrift og forseinkingar, mens ein på andre prosjekt utset utlysing til det føreligg statleg løyving. Sjå kommentarar i tabell 8 for meir detaljert forklaring per prosjekt.

Satsings-område	Prosjekt	HP25-28 år 2025	Løyving 2025	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar årsrekneskap frå byggherre	Totalprognose prosjekt (2025-kr)
Gange og sykkel	Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg	0	0	-9 000	9 000	Tiltaket er ferdig bygd og sluttoppgjør et avslutta. Står att mindre restarbeid som gjennomførast våren 2025.	120 000
	Infrastruktur Paradis	0	0	-3 500	3 500	Sluttoppgjør.	
	Fv5190 Apeltunvegen	32 354	26 110	16 500	9 610	Prosjekteringa er noko forsinka. Ventar byggestart sommer/haust 2025.	48 485
	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuier	31 200	30 000	17 500	12 500	Forsinket utlysning og oppstart av prosjektet. Ventar byggestart hausten 2025.	63 671
	Fv5348 Klostergaten, gateoppusting	10 400	10 000	7 500	2 500	Det er lagt opp til prosjektering og grunnundersøkelser i 2025.	77 625
	Fv5338 Nonneseter	10 400	7 000	7 000	0		57 000
	Fv566 Hjeltestadvegen	0	0	2 200	-2 200	Restarbeid opp mot grunneigar.	365 000
	Sykkeltelling i Bergensområdet	2 080	2 100	2 100	0		
	Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	55 224	80 500	76 000	4 500	Endra framdrift er hovudårsaka til venta mindreforbruk i 2025.	
	Trafikksikkerhet	26 520	25 500	29 360	-3 860	Endra framdrift på fleire tiltak i potten. Usikker prognose.	
	Fremkommelighetstiltak sykkel	3 744	3 750	3 750	0		
	Program for teljing og analyse av fotgjengartraumar og åtfærd	1 040	1 000	1 000	0		
	MVA. og prosjektering i prosjekt som blir finansiert med statleg tilskot						
	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	2 080	2 200	3 500	-1 300	Bygging pågår, forventet ferdigstillegg september 2026.	173 249
	Nordre Hauglandsveg	5 200			0		
	Skogsskiftet sentrumsområde	6 240			0		
	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	1 134	5 570	2 192	3 378	Avventar utlysning til det føreligg statleg løyving.	
	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	0	-54 800	-49 800	-5 000	Avvik er grunna etterslep fra tidligere år.	217 000
	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	1 248	9 000	2 300	6 700	Avventar utlysning til det føreligg statleg løyving.	
	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	3 135	200	6 500	-6 300	Avvik er grunna etterslep frå tidlegare år.	51 289
	Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	0	1 240	340	900	Ventar på avklaring frå kommunen knytt til byggesak, mogleg utlysning i juni 2025. Sluttoppgjør i 2026.	3 864
	Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Allé	4 160			0		
Kollektiv-transport	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	41 600	41 600	41 600	0		
	Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	20 800	18 000	18 000	0		
	Gangveier til kollektivtraséer	10 504	10 100	10 100	0		
	Oppgradering holdeplasser	10 400	10 000	22 000	-12 000	Tiltak i Sædalen og Drottningsvik har fått auka omfang. Under denne potten finansieres Fv5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp der det også er auka omfang grunna arbeid tett på bybanen. Blir bygd hausten 2025.	
	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	4 264	4 100	6 200	-2 100	Eidsvågvegen byggast i 2025. Auka omfang grunna behov for parkeringsløysing.	
	Oppgradering signalanlegg og ASP	1 560	1 500	1 500	0		
Anna	Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	1 040	500	500	0		
	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	5 304	20 430	15 586	4 844	Under dette prosjektet er det knytt aktivitet til prosjektering og forberedande arbeid på framtidige tiltak. Nokre av tiltaka er i HP foreslått med statleg tilskot i gjeldande HP-periode. Dette gjeld mellom anna Fv5264 Nordre Hauglandsveg, Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen, Fv560 Skogsskiftet, Fv5452 Leknesvegen og Fv582 Storetveitvegen, Hagerupsvei - Minde Alle.	
	Drift av sekretariatet i Miljøloftet	10 608	10 600	10 600	0		
	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 352	1 350	1 350	0		
	Sum fylkeskommunalt bidrag	303 591	267 550	242 878	24 672		1 177 183

Tabell 8 - Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag (tal i heile 1000-kr)

Bypakke Bergen

Tabell 9 gir ei oversikt over Bypakke Bergen, med forventa bompengainntekter og prognose for rekvirering av bompengar til dei bompengefinansierte prosjekta. Fylket har rapportert til Statens vegvesen med kopi til sekretariatet, som er grunnlaget for tabellen.

Prognosen for brutto bompengainntekter i 2025 er pr. 1. tertial om lag 1 mrd. Prognosen er basert på ei forventa ÅDT på 257 tusen, som er 1000 høgare enn det som var lagt til grunn i HP25-28. Forventa gjennomsnittstakst er 11,50kr., mot 12kr. som var lagt til grunn i handlingsprogrammet.

Prosjekta som finansierast av bompengar i 2025 er *Bybanen BT5 prosjektering og grunnerverv*, *Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid* og *Bybanen BT4*. Rekvireringsbehovet er venta å vere 92 mill., noko som utgjer ein saldo på om lag 758 mill. netto bompengainntekter i år.

Gjelda i Bypakke Bergen var ved utgangen av 2024 på 4,5 mrd.

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN (Tal i 1000-kr)				
Bypakke Bergen 2025	HP25-28 år 2025	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar
Brutto bompengainntekt	-1 167 000	- 1 078 758	-88 243	I HP25-28 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst på 12kr og ein ÅDT på 256 tusen i 2025. Prognosen pr. 1. tertial for brutto bompengainntekter legg til grunn at snittet for ÅDT er 257 tusen i 2025, og at realisert gj.sn.takst blir 11,50 kr.
Netto drifts- og finanskostnader	287 000	229 000	58 000	
Netto bompengainntekt	-880 000	-849 758	-30 243	
Bybanen BT5 prosjektering og grunnerverv	-	65 600		Prognose på venta uttak i høve til info frå VLFK.
Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid	-	25 000		Prognose på venta uttak i høve til info frå Bergen kommune, samt etterslep knytt til rekvirering frå 2024.
Bybanen BT4	-	1 500		Prognose på venta uttav av bompengar i 2025.
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	-	92 100	0	
Netto bompengainntekt etter rekvirering av bompengar		-757 658		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2025 er om lag 758 mill. lågare enn prognosen for netto bompengainntekter.

Tabell 9 - Oppsummeringstabell Bypakke Bergen (tal i heile 1000-kr)

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til orientering.